

---

---

N O T A T 2 0 1 2 – 1 6

---

# Utbyggingsbruk i Hordaland

Del 2

---

---

TORBJØRN  
HAUKÅS



**NILF**

Norsk institutt for  
landbruksøkonomisk forskning

# ***NILF gjev ut ei rekkje publikasjonar***

---

## **Kjem ut årleg:**

- «Driftsgranskingar i jord- og skogbruk»
- «Handbok for driftsplanlegging»
- «Utsyn over norsk landbruk. Tilstand og utviklingstrekk»
- «Mat og industri. Status og utvikling i norsk matindustri».

## **Resultat frå forsking og utgreiingar vert gjevne ut i tre seriar:**

- «NILF-rapport» – ein serie for publisering av forskingsrapporter og resultat frå større utgreiingar
- «Notat» – ein serie for publisering av arbeidsnotat, delrapportar, føredrag m.m. og sluttrapportar frå mindre prosjekt
- «Discussion paper» – ein serie for publisering av førebelse resultat (berre internettppublisering).

## **NILF gjev også ut:**

- «Kontoplan for landbruksregnskap tilpasset NS 4102»
- Regionale dekningsbidragskalkylar.

## **NILF er sekretariat for Budsjett nemnda for jordbruket som årleg gjev ut:**

- «Totalkalkylen for jordbruket» (Jordbrukets totalregnskap og budsjett)
- «Referansebruksberegninger»
- «Resultatkontroll for gjennomføringen av landbrukspolitikken»
- «Volum- og prisindeksar for jordbruket» som ligg på:  
<http://www.nilf.no/PolitikkOkonomi/Nn/VolumPrisIndeksar.shtml>

---

---

N O T A T 2 0 1 2 – 1 6

---

# Utbyggingsbruk i Hordaland

*Del 2*

Torbjørn Haukås



---

<b>Serie</b>	Notat
<b>Redaktør</b>	Agnar Hegrenes
<b>Tittel</b>	Utbyggingsbruk i Hordaland – del 2
<b>Forfattar</b>	Torbjørn Haukås
<b>Prosjekt</b>	Utbyggingsbruk i Hordaland – del 2 (D862)
<b>Utgjevar</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking (NILF)
<b>Utgjevarstad</b>	Oslo
<b>Utgjevingsår</b>	2012
<b>Sidetal</b>	40
<b>ISBN</b>	978-82-7077-833-1
<b>ISSN</b>	0805-9691
<b>Emneord</b>	samdrift, Hordaland, robotfjøs, økonomi, driftsplan, store mjølkebruk, lønsemd, utbyggingsbruk

---

## Litt om NILF

- Forsking og utgjeiring om landbrukspolitikk, matvaresektor og -marknad, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innan landbruket; dette omfattar m.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettinemnda for jordbruket og dei årlege driftsgranskingane i jord- og skogbruk.
- Utviklar hjelpemiddel for driftsplanlegging og rekneskapsføring.
- Er finansiert av Landbruks- og matdepartementet, Noregs forskingsråd og gjennom oppdrag for offentleg og privat sektor.
- Hovudkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

Strukturen i mjølkeproduksjonen er i rivande utvikling. Ei av årsakene er at investeringskostnad for å byggje ny driftsbygning i mjølkeproduksjonen har auka mykje dei siste åra. I tillegg har ny teknologi framskunda strukturendringane ved at ein må ha store driftseiningar for å kunne forsvare teknologisk fornying.

NILF gjennomførte ei undersøking blant 10 mjøkeprodusentar i Hordaland i 2009. Rekneskapsundersøking, spørjeundersøking og gjennomgang av driftsplanar mot resultat viste stor spreiing blant produsentane. Storfeprosjektet i Hordaland med støtte frå Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge vedtok derfor å føreta ei ny rekneskapsundersøking for 2010 for å følgje resultatutviklinga eitt år vidare.

Resultat frå andre undersøkingar, mellom anna i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, tyder på ei vesentleg resultatbetring når ein kjem eitt år lenger frå investeringstidspunkt. Det var derfor svært interessant å følgje resultata. I alt er rekneskap frå 9 produsentar undersøkt for 2010.

Vi takkar for at vi fekk nytte rekneskapane i denne granskninga. Vi takkar også Storfeprosjektet i Hordaland saman med Fylkesmannen og Innovasjon Norge i Hordaland for eit svært interessant oppdrag. Anastasia Olsen har saman med Torbjørn Haukås jobba med undersøkinga, Torbjørn Haukås har vore prosjektleiar og har skrive notatet. Agnar Hegrenes har lese gjennom notatet og komme med nytige innspel. Heidi Knutsen har vore fagfelle for prosjektet. Anne Bente Ellevold har ferdigstilt notatet for publisering.

Oslo, september 2012  
Ivar Pettersen



# Innhold

---

1	INNLEIING .....	3
2	MATERIALE OG METODE .....	5
2.1	Utval .....	5
2.2	Inndeling av respondentane i grupper .....	5
2.3	Metode og definisjonar .....	6
3	RESULTAT OG ANALYSE .....	9
3.1	Produksjon .....	9
3.2	Arbeidsforbruk .....	15
3.3	Økonomi .....	17
3.3.1	Produksjonsinntekter .....	17
3.3.2	Variable kostnader .....	19
3.3.3	Faste kostnader .....	22
3.3.4	Samla kostnader .....	24
3.3.5	Resultat .....	25
3.4	Soliditet .....	31
3.5	Likviditet .....	32
4	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON .....	35



# Samandrag

---

Norsk institutt for landbruksøkonomisk forsking har på oppdrag frå Storfeprosjektet i Hordaland utført ei oppfølging av eit tidlegare prosjekt. Resultat frå spørjeundersøking, gjennomgang av driftsplanar og rekneskapsresultat for 2009 er presentert i NILF-notat nr. 2012-3. I denne omgangen er det berre rekneskapsresultat frå 2010 og endringar frå 2009 til 2010 som er presenterte.

Undersøkinga er gjort med støtte frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen i Hordaland og Innovasjon Norge. Det er samla inn rekneskaper for 2010 for i alt 9 produsentar i Hordaland som hadde ei større bruksutbygging i perioden 2005–2008. Produsentane er dei same som i førre undersøkinga, og er spreidde over heile fylket. Dei hadde mjølkeleveranse frå 121 000 og 548 000 liter i 2010. Det var med i alt 5 samdrifter og 4 enkeltbruk. For samdrifter er det samla inn rekneskap frå selskapet og dei aktive deltakarane. I utvalet var det med 6 robotfjøs og 3 utan robot.

Resultatet frå rekneskapsanalysen viser at det er stor spreieing i resultatet mellom dei ulike produsentane. Sidan utvalet er såpass lite, har vi konsentrert oss om to grupper, dei fire produsentane med best og dei fire med svakast resultat målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Høggruppa oppnådde kr 328 400 medan låggruppa oppnådde kr 45 500 per årsverk. Prosjektdeltakarane oppnådde i middel kr 180 000 per årsverk i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Det er det same resultatet som vart oppnådd i 2009. Dette er kr 40 000 per årsverk svakare enn mjøkeprodusentane i driftsgranskingsane for Vestlandet i 2010. Fordi utvalet er lite, er det grunn til å vere forsiktig med å generalisere ut frå desse resultata. Resultata er for det meste utrekna per årsku då det er stor skilnad i produksjonsomfang blant dei utvalde produsentane. Vi har også delt inn produsentane etter om dei hadde robot eller ikkje, om dei var i samdrift eller enkelprodusentar. Nokre av produsentane hadde svake resultat, og kan karakteriserast som utsette både under dagens rammevilkår og særleg ved eventuelle endringar i rammevilkår.

Tilsvarande tidlegare undersøkingar blant utbyggingsbruk viser stor framgang i resultatet når ein kjem eit år lenger frå utbyggingstidspunkt. Utbyggingsbruka i Hordaland hadde ikkje denne venta framgangen. Årsaker til svakt resultat er mellom anna därleg førrår med lågt avlingsnivå i 2010. Samanlikna med driftsgranskingsane er avlingsnivået for grovfôr i 2010 lågare hos utbyggingsbruka, nedgangen i avlingsnivå er også større. Det er også låg kvotefylling i middel for gruppa (92 %). Høge kostnader til kjøp av dyr tyder på at nokre av brukta framleis er under oppbygging. Ein bør derfor vente betre resultat i framtida. Svak finansiell basis med låg eigenkapitalprosent og høg gjeld er også med og svekker resultatet.

Undersøkinga viser også at det er stort sprik mellom produsentane i økonomisk resultat. Høggruppa viser at det er råd å byggje ut for eit stort produksjonsomfang i mjøkeproduksjonen i Hordaland. Låggruppa viser at det kan vere hardt økonomisk i perioden etter ei såpass omfattande utbygging. Utbyggjarane er svært utsette for endringar i rammevilkår, som til dømes renteendringar.



# 1 Innleiing

---

Mjølkeproduksjonen er inne i ei rivande utvikling. Ny teknologi i form av mjølkerobot krev store driftseiningar for å kunne forsvare utbygging økonomisk samtidig som strukturen i mjølkeproduksjonen i Hordaland er prega av små eininger. Gjennomsnittsprodusenten i Hordaland er framleis liten. Middels mjølkekvote i 2009 var 108 300 liter. I 2011 er snittkvoten i Hordaland auka til 123 800 liter. Dersom meierileveransen ligg på 6 800 liter per årsku, tilsvarer det ein buskap på 18,2 årskyr. Tilsvarande middeltal for landet er 148 800 liter og 21,9 årskyr. Av Vestlandsfylka<sup>1</sup> er det berre Sogn og Fjordane som har lågare mjølkekvote i middel enn Hordaland.

Undersøkinga for rekneskapsåret 2009 (Haukås, 2012) viste at utbyggingsbruka i Hordaland hadde svakare økonomisk resultat enn tilsvarande bruk i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Årsaka var mellom anna lågare avlingsnivå for grovfôr, kortare tid frå investerings- til måletidspunkt og svakare finansiell basis. Produksjonsomfang og rammevilkår elles var om lag like. Resultata frå rekneskapen i 2009 viste stor variasjon mellom produsentane.

Resultat frå ei tilsvarande gransking i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (Haukås og Solberg, 2010) for rekneskapsåra 2008 og 2009, viste at økonomiske resultatet første året målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, låg på om lag middelet for mjøkeprodusentane på Vestlandet (Driftsgranskingsane, 2009). For rekneskapsåret 2009 hadde utbyggingsbruka eit vesentleg betre økonomisk resultat enn referansegruppa (Haukås, Knutsen og Olsen, 2011).

Ei undersøking som vart gjort på driftsgranskingsmaterialet for åra 2005–2008 (Solberg, 2010), viste at utbyggingsbruk hadde betre økonomisk resultat enn dei som ikkje hadde bygt ut før investering, svakare resultat i investeringsåret og første året etter investering. Alt andre året etter investering hadde utbyggingsbruka passert dei som ikkje hadde investert i økonomisk resultat.

Dei tidlegare granskingsane syner ein klar tendens til betre resultat blant dei produsentane som har lengst tid frå investeringstidspunkt til måletidspunkt. Ved å undersøke rekneskap for eitt år ekstra for utbyggingsbruka i Hordaland, vil ein kunne sjå om ein har liknande utvikling hos utbyggingsbruka i fylket.

Dei 9 produsentane som er med i denne undersøkinga, har alle bygt ut for mjølkeproduksjon i tidsperioden frå 2005 til 2008. Investerte beløp i bygning og utstyr varierer frå 3,1 til 7,5 mill. kr. Middels mjølkekvote er om lag 378 000 liter. Mjølkekvoten auka med 6 000 liter frå 2009 til 2010.

---

<sup>1</sup> <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvoter/statistikk>



## 2 Materiale og metode

---

### 2.1 Utval

I dette prosjektet er det valt ut driftseiningar med mjølkeproduksjon i Hordaland. Utvalet er gjort blant alle mjøkprodusentane i Hordaland som investerte tungt i bygning og utstyr i perioden frå 2005 til 2008. Utvalet er gjort etter geografisk spreiing, om det er enkeltbruk eller samdrifter, og etter storleik på produksjon. Sidan deltaking var frivillig, vart fleire spurde enn dei som til slutt vart med. Planen var 10 produsentar i Hordaland, ein produsent fall frå under vegs, så vi enda opp med 9 produsentar godt fordelt etter dei utvalskriteria vi sette.

I utvalet er det fem samdrifter og fire enkeltbruk. Blant produsentane i utvalet er det seks fjøs med robotmjølking. Utvalet skulle dermed samsvare bra i forhold til organisasjonsform, storleik og val av teknisk løysing i driftsbygningane. Det er dei same produsentane som er med i undersøkinga begge rekneskapsåra, 2009 og 2010.

### 2.2 Inndeling av respondentane i grupper

Sidan det er såpass få med i utvalet, er det avgrensa kor stor nytte ein har av å dele inn materialet i grupper. Vi har delt inn materialet i samdrifter og enkeltbruk og med og utan robot. I tillegg har vi nytta data frå ei tilsvarende undersøking i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal for året 2009 som referanse. Same metodikk som vart nytta i Hordaland, er også nytta i dei to andre fylka. Alle dei ni produsentane som er omfatta av denne undersøkinga i Hordaland, har føreteke ei relativt stor utbygging av mjølkeproduksjon i åra 2005 til 2008. Produksjonen av mjølk i 2010 varierte frå 161 tonn til 548 tonn mjølk med eit snitt på 348 tonn omsett mjølk. Vi har også delt inn produsentane i høg- og låggruppe etter resultatmålet vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk. Høggruppa er dei fire produsentane med best resultat for resultatmålet, medan låggruppa er dei fire produsentane med svakast resultat blant dei undersøkte i prosjektet. Det er ikkje dei same produsentane som er i høggruppa og låggruppa i 2009 og 2010. Nokre har bytt gruppe.

Tabell 2.1 Fordeling av dei 9 ulike mjøkprodusentane i grupper

	Alle Hordaland	Sam- drifter	Enkelt- bruk	Med robot	Utan robot	Høg- gruppe	Låg- gruppe
Alle Hordaland	9	5	4	6	3	4	4
Samdrifter	5	5	*	4	1	3	1
Enkeltbruk	4	*	4	2	2	1	3
Robot	6	4	2	6	*	3	2
Utan robot	3	1	2	*	3	1	2
Høggruppe	4	3	1	3	1	4	*
Låggruppe	4	1	3	2	2	*	4

## 2.3 Metode og definisjonar

Dei 9 mjølkeprodusentane som har delteke i prosjektet, har levert inn skatterekneskap for enkeltbruket eller samdrifta og for dei aktive deltakarane i samdriftene. Dei passive deltakarane i samdriftene har ein behandla som eksterne aktørar. Tala som vert presenterte, er gjennomsnitta av alle produsentane eller gjennomsnitta til ulike undergrupper av produsentane. Ein har også valt å samanlikna med resultat frå eit liknande prosjekt i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (*Nord-Vestlandet*) for 2009.

Ei samdrift er rekna som ein produsent sjølv om det er fleire aktive deltakarar med. Det er gjort på den måten at rekneskap for kvar aktiv produsent pluss rekneskap for driftsselskap (samdrift) og eventuelt rekneskap for bygning er tatt med samla som konsern. Transaksjonar internt mellom desse aktørane er så fjerna. På denne måten er førproduksjon, mjølkeproduksjon og all innsett kapital med konsernrekneskapen.

Ein aktiv deltakar i samdrift er ein person har faste arbeidsoppgåver i mjølkeproduksjonen utover onnearbeid og tilfeldig arbeid i drifta. Passive samdriftsdeltakarar vert sett på som utanom i høve til konsernet.

Alle skatterekneskapane er omarbeidde til driftsrekneskapar. Eit driftsrekneskap er annleis enn eit skatterekneskap. Dei viktigaste skilnadene er avskrivingsmetode, verdsetjing av egedelar i balanse og ein del resultatkontoar. I eit skatterekneskap nyttar ein saldoavskrivingar, medan ein i driftsrekneskapen nyttar lineære avskrivingar. Neste side viser den generelle oppbygginga av driftsrekneskapen.

- Husdyrprodukt, jordbruk
- + Planteprodukt, jordbruk
- + Andre inntekter inkludert tilskot
- = **Produksjonsinntekter, jordbruk**
- Variable kostnader, jordbruk
- = **Dekningsbidrag inkludert tilskot, jordbruk**
- Faste kostnader
- = **Resultat før avskrivingar, jordbruk**
- Avskrivingar
- = **Driftsoverskot, jordbruk**
  
- + Driftsoverskot, pelsdyr
- + Driftsoverskot, skogbruk
- + Driftsoverskot, anna næring
- + Driftsoverskot, tilleggsnæring
- + Lønsinntekter
- + Pensjonar og sjukepengar
- + Årlege erstatningar
- + Renteinntekter
- Renteutgifter
- Kår
- = **Nettoinntekt**

Driftsoverskot, jordbruk

- Kalkulert rente av egedelar i jordbruket
- = **Familiens arbeidsforteneste i jordbruket**
- + Kostnader til leigd arbeid
- = **Lønsevne**

Driftsoverskot, jordbruk


- + Kostnader til leigd arbeid
- Jordbrukets del av gjeldsrenter og kår
- = **Vederlag til arbeid og eigenkapital**



# 3 Resultat og analyse


## 3.1 Produksjon

Figur 3.1 og 3.2 viser totalt jordbruksareal og den delen som er leiggd areal. Blant gruppene ser vi at det er ein del skilnader med tanke jordbruksareal. Medan høggruppa hadde mest areal i 2009, er det låggruppa som har mest areal i 2010. Årsaka er at bruk har skifta gruppe mellom dei to åra. For dei andre gruppeinndelingane er det små skilnader mellom 2009 og 2010.



Figur 3.1 Jordbruksareal og leigd areal, dekar


Vi ser av Figur 3.2 at det er tydeleg skilnad mellom produsentane i Hordaland og Nord-Vestlandet med omsyn både til totalt areal per produsent, og kor mykje av arealet som er leigd. Medan produsentane i Hordaland i middel har 224 dekar eige areal, har produsentane i Sogn og Fjordane 387 dekar eige areal i middel. Dette omfattar både fulldyrka, overflatedyrka og beite.




*Figur 3.2 Jordbruksareal og leigd areal, dekar*

Avlinsnivå og tilgang på godt og rimeleg grovfôr er ofte ein minimumsfaktor for mjølkeprodusentar på Vestlandet. Middels avlinsnivå for grovfôr for Hordaland per dekar låg på 248 Fem i 2010, ein nedgang på 15 prosent frå 2009 som også var eit svakt avlinsnivå samanlikna med Nord-Vestlandet.

Vi ser at høggruppa har 23 prosent høgare avlinsnivå enn låggruppa. Begge gruppene hadde stor nedgang i avling frå 2009 til 2010. Samlede grupper i Hordaland hadde stor nedgang i avlinsnivået for grovfôr. Avlinsnivået Vestlandet var ifølgje driftsgranskingane 6 prosent lågare i 2010 enn året før, mykje mindre nedgang enn for utbyggingsbruka i Hordaland (23 %).




*Figur 3.3 Grovfôravlingar per dekar, FEm*



Figur 3.4 Grovfôrvavlkingar per dekar, FEm


Avlingsnivået målt i foreiningar per dekar, er mykje lågare på utbyggingsbruks i Hordaland samanlikna med Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal for 2009. Skilnaden er på over 44 prosent.



Figur 3.5 Tal årskyr (stk.) og kvotefylling mjølk (prosent) for dei ulike kategoriane


Tal årskyr har auka med 1,4 til 46,3 årskyr i middel frå 2009 til 2010 for utbyggingsbruks i Hordaland. Det er auke i tal årskyr for alle grupper med unnatak av høggruppa. Skilnaden i tal årskyr mellom høg- og låggruppe har gått ned frå 2009 til 2010, og er i 2010 høvesvis 49,7 og 42,8 årskyr.

Kvotefyllinga har auka med 2 prosentpoeng frå 90 til 92. Ennå er det eit stort potensiale for utbyggingsbruka i Hordaland samanlikna med gruppa for Nord-Vestlandet som hadde ei kvotefylling på 101 prosent i 2009.




Figur 3.6 Tal årskyr (stk.) og kvotefylling mjølk (prosent) for dei ulike kategoriane

Det er stor skilnad mellom enkeltprodusentar og grupper med tanke på kor mykje innsett kapital i jordbruket som ligg bak kvar årsku. Medan høggruppa i middel har kr 143 000 per årsku, ligg låggruppa på kr 186 000 for 2010. Det er nedgang for begge grupper med 4 prosent frå 2009 til 2010.




Figur 3.7 Eigedelar i jordbruket per årsku for ulike grupper, kr

Det er særleg skilnad i bygningsinvesteringar mellom høg- og låggruppe. Låggruppa har 60 prosent meir investert i bygningar per årsku.




Figur 3.8 Eigedelar i jordbruket per årsku for ulike grupper, kr

Yting målt i kg mjølk per årsku er om lag uendra for høggruppa, og ligg på knapt 8 600 kg per årsku. For låggruppa er ytinga auka frå 7 500 kg til 7 940 kg per årsku. Dette er ein auke på 6 prosent.




Figur 3.9 Yting målt i kg mjølk per årsku

Det er særleg gruppa utan robot som har auka ytinga frå 2009 til 2010. Samanlikna med Nord-Vestlandet i 2009, ligg Hordaland høgare i yting begge åra.




*Figur 3.10 Yting målt i kg mjølk per årsku*

Ein viktig del av produksjonsinntektene i mjølkeproduksjon kjem frå produksjon av storfekjøt. Grovförgrunnlag og bygningskapasitet er ofte avgjerande for kor mykje ein skal setje på av kalvar og eventuelt supplere med innkjøp.



*Figur 3.11 Omsett storfekjøt per årsku for dei ulike kategoriane, kg per årsku*


Det er verd å merke seg at medan det var høggruppa som i 2009 produserte mest storfekjøt med 420 kg per årsku, var det låggruppa som produserte mest kjøt i 2010 med 466 kg per årsku. Det var ein stor nedgang for høggruppa og ein stor auke for låggruppa. Kanskje er produksjonen av kjøt i låggruppa for høg i høve til grovfôrgrunnlaget.



*Figur 3.12 Omsett storfekjøt per årsku for dei ulike kategoriane, kg per årsku*


## 3.2 Arbeidsforbruk

Arbeidsforbruket i jordbruksforbruket er her presentert i tal timer per årsku. I mjølkeproduksjonen ligg arbeidsforbruket på Vestlandet i middel på 162 timer per årsku for ein buskap på 20,5 årskyr (Driftsgranskingane 2010). Litt sideproduksjonar er då med materialet.



*Figur 3.13 Arbeidsforbruk i jordbruksforbruket målt per årsku, timer*

Det har vore nedgang i arbeidsforbruket for både høg- og låggruppe frå 2009 til 2010. Medan høggruppa ligg på 81 timer per årsku (halvparten av middelet for Vestlandet), ligg låggruppa på 103 timer per årsku. Delen som vert utført av familien ligg på høvesvis 85 prosent og 91 prosent for høg- og låggruppa. Det har vore relativt stor effektivisering for begge gruppene frå 2009 til 2010.




*Figur 3.14 Arbeidsforbruk i jordbruket målt per årsku, timer*

Av Figur 3.13 og Figur 3.14 ser vi at det har vore auke i effektiviteten for alle gruppene. Forholdet mellom gruppene er dermed ikkje endra særleg mykje. Hordaland har eit lågare arbeidsforbruk per årsku enn Nord-Vestlandet.


## 3.3 Økonomi

### 3.3.1 Produksjonsinntekter




Figur 3.15 Produksjonsinntekter, mjølk- og kjøtinntekt ulike grupper per årsku, kr

Dei viktigaste inntektskjeldene for mjølkeprodusentane er mjølkeinntekter, kjøtinntekter og offentlege tilskot. I middel var samla produksjonsinntekter per årsku for Hordaland i 2010 kr 69 400. Av dette var 47 prosent mjølkeinntekter, 24 prosent kjøtinntekter, 24 prosent tilskot og 4 prosent andre inntekter. Mjølkeinntekta står for nær halvparten av produksjonsinntektene, og betyr såleis mykje for resultatet. Høggruppa hadde ein auke i mjølkeinntektene på 7 prosent til kr 33 900, medan låggruppa hadde ein auke på 9 prosent til kr 30 300 per årsku. Mjølkeinntektene auka for alle grupper, og nivået var høgare for Hordaland enn for Nord-Vestlandet for begge åra.




Figur 3.16 Produksjonsinntekter, mjølk- og kjøtinntekt ulike grupper, kr

Kjøtinntektene varierer meir mellom grupper og mellom enkeltprodusentar enn mjølkeinntektene. Medan høggruppa hadde nedgang i kjøtinntektene frå 2009 til 2010, hadde låggruppa ein kraftig auke. Samla for Hordaland var det ein liten auke mellom dei aktuelle måletidspunktene. Det er særleg produsentane utan robot som har mindre kjøtinntekter. Det er liten skilnad mellom regionane med tanke på kjøtinntekter.



Figur 3.17 Forhold mellom tilskot og marknadsinntekter for ulike grupper, kr


Samla tilskot utgjer i middel kr 17 000 per årsku for Hordaland. Dette omfattar alle tilskot i drifta, som produksjonstilskot, velferdstilskot og pristilskot. Av gruppene hadde høggruppa hadde lågast tilskot med kr 14 600 medan enkeltprodusentane hadde høgst med kr 19 800. Det er ingen skilnad mellom regionane.



Figur 3.18 Forhold mellom tilskot og marknadsinntekter per årsku for ulike grupper, kr


### 3.3.2 Variable kostnader

Med variable kostnader forstår vi kostnader som varierer med produksjonsomfang som kraftfør, gjødsel, konserveringsmiddel m.m. God og rimeleg tilgang på grovfôr er viktig for eit godt resultat i mjølkeproduksjonen.




Figur 3.19 Fôrkostnader per årsku for ulike kategoriar, kr

Figur 3.19 viser at høggruppa har hatt ein liten nedgang i fôrkostnader medan det har vore ein kraftig auke for låggruppa. Året 2010 var eit vanskeleg førrår for enkelte produsentar, og dette gjev utslag i resultata.



Figur 3.20 Fôrkostnader per årsku for ulike kategoriar, kr


Fôrkostnadene per årsku er lågast hos enkelprodusentane med kr 15 200 medan samdriftene ligg høgst med kr 22 200. Alle grupper ligg over fôrkostnaden for Nord-Vestlandet for 2009.



Figur 3.21 Kostnader til gjødsel og konservering per årsku, kr


Kostnader til gjødsel har gått noko ned for høggruppa, medan gjødselkostnadene har auka kraftig for låggruppa. Samla for Hordaland har gjødselkostnaden gått litt ned (6 %). Kostnaden er langt under det som var registrert for Nord-Vestlandet i 2009.

Kostnaden til konserveringsmiddel har også gått ned i 2010 samanlikna med året før. Også når det gjeld konserveringsmiddel ligg kostnaden langt under det som var registrert for Nord-Vestlandet i 2009.




Figur 3.22 Kostnader til gjødsel og konservering per årsku, kr

Det kan vere ein samanheng mellom låge gjødsel- og konserveringsmiddelkostnader og høge kostnader til grovfôr. I alle høve kan det verka slik når ein samanliknar regionane. Kostnader til gjødsel og konserveringsmiddel er mykje lågare per årsku i Hordaland enn på Nord-Vestlandet. Dette kan kanskje forklare noko av skilnaden i avlingsnivå og for-kostnader mellom regionane.



Figur 3.23 Kjøp av dyr og veterinær og medisin, kr per årsku ulike grupper, kr

Kostnader til kjøp av dyr varierer mykje mellom gruppene. Medan høggruppa og låggruppa hadde om lag lik kostnad i 2009, er det mykje høgare kostnad for låggruppa i 2010. Skilnaden er heile kr 6 000 per årsku. Dette kan tyde på at låggruppa ennå driv og byggjer opp buskapen, medan høggruppa har nådd eit nokolunde stabilt nivå. Kvotefyllinga for dei to gruppene tyder også på dette. Ekstraordinære problem hos enkeltprodusentar med sjukdom spelar også inn.




Figur 3.24 Kjøp av dyr og veterinær og medisin, kr per årsku ulike grupper, kr

Kostnader til veterinær, medisin og semin varierer mindre mellom gruppene, og ligg mellom kr 1 500 (høggruppa) og kr 2 000 (låggruppa) per årsku.


### 3.3.3 Faste kostnader

Med faste kostnader forstår ein her kostnader som på kort sikt i liten grad varierer med produksjonsomfanget. Kostnader til drivstoff og leidt arbeid vert her rekna som faste kostnader.

Samanliknar vi høggruppa med låggruppa, er kostnader til leidt arbeid og maskinvedlikehald høgst hos høggruppa, medan kostnader til bygninger er høgst hos låggruppa.




Figur 3.25 Kostnader til leidt arbeid, vedlikehald maskiner og vedlikehald bygningar, kr




Figur 3.26 Kostnader til leidt arbeid, vedlikehald maskiner og vedlikehald bygningar, kr

Samla for Hordaland har kostnader til arbeid gått ned frå 2009 til 2010. Kostnader til vedlikehald av maskiner og bygningar har auka. Samanliknar ein med Nord-Vestlandet, er det særleg kostnader til vedlikehald av bygningar som ligg høgare i Hordaland målt i kr per årsku.



*Figur 3.27 Maskinleige og leasing og administrasjon, kr per årsku*

Av andre faste kostnader har vi her teke med maskinleige og leasing. Dette er ein post som stadig har auka i landbruket dei siste åra. Vi ser at det er stor skilnad på høg- og låggruppa med tanke på maskinleige og leasing. Medan høggruppa ligg på kr 3 300 per årsku, ein nedgang på kr 1 200, ligg låggruppa på kr 7 400, ein auke på kr 1 500 per årsku. Vi ser også at enkeltprodusentane ligg langt høgare enn samdriftene. Hordaland ligg også noko høgare enn Nord-Vestlandet sjølv om ikkje skilnaden er så stor.




*Figur 3.28 Maskinleige og leasing og administrasjon, kr per årsku*


Administrasjon omfattar her ei rekke kostnader som forsikring, telefon, porto, kontingentar, privatbil i drifta med meir. I dag er dette ein vesentleg kostnadspost i drifta. Medan høggruppa ligg på vel kr 2 100 per årsku, ligg låggruppa på kr 2 400 per årsku. Kostnaden har auka for høggruppa og gått ned for låggruppa. Skilnaden er dermed mindre enn i 2009.

### 3.3.4 Samla kostnader

Samla kostnader per årsku viser stor skilnад mellom gruppene. For Hordaland har det vore ein kostnadsvekst på 8 prosent per årsku, men denne er svært ulikt fordelt mellom produsentane. Medan høggruppa har hatt ein liten nedgang på 5 prosent frå 2009 til 2010 samla kostnader, har låggruppa hatt ein kraftig kostnadsvekst på vel 20 prosent. Dette gjeld særleg for variable kostnader. Det er førkjøp og kjøp av dyr som har hatt den største kostnadsauken.



Figur 3.29 Kostnader per årsku, kr



Figur 3.30 Kostnader per årsku, kr


Det har vore størst kostnadsvekst blant samdriftene, og noko meir moderat blant enkeltprodusentane. Det er særleg robotprodusentane som har hatt kostnadsauke. Vi ser også at kostnadsnivået er høgare for Hordaland enn for Nord-Vestlandet.

### 3.3.5 Resultat


Dekningsbidrag er produksjonsinntekter minus variable kostnader. Tilskota er her med i produksjonsinntektene. Av Figur 3.31 ser vi at høggruppa har litt høgare dekningsbidrag per årsku enn låggruppa, men skilnaden er berre 3 prosent. Det er også små skilnader i dekningsbidrag mellom gruppene.

Resultat før avskriving er dekningsbidrag minus faste kostnader utanom avskriving. Utslaga mellom gruppene er større for dette resultatmålet i og med at det var store skilnader i faste kostnader. Høggruppa oppnådde kr 22 600 mot kr 15 200 i låggruppa. Skilnaden mellom regionane var kr 4 700 i favør av Nord-Vestlandet for 2009.

Trekker vi avskrivingane frå resultatet før avskriving, får vi driftsoverskot. Skilnaden mellom høg- og låggruppa er då auka til kr 7 800 per årsku. Høggruppa ligg på kr 15 400 medan låggruppa berre oppnådde eit driftsoverskot på kr 7 500 per årsku. Det er verd å merke seg at skilnaden mellom høg- og låggruppa var større i 2009. Høggruppa har fått ligg lågare resultat i 2010, medan låggruppa har litt betre resultat.




*Figur 3.31 Dekningsbidrag inkl. tilskot, resultat før avskriving og driftsoverskot per årsku, kr*




Figur 3.32 Dekningsbidrag inkl. tilskot, resultat før avskriving og driftsoverskot per årsku, kr

I tillegg til å vise driftsoverskot per årsku, har vi valt å vise driftsoverskot per driftseinning. Driftsoverskotet per driftseining vil i stor grad være proporsjonalt med produksjonsomfang. Figur 3.33 og Figur 3.34 viser at det er store skilnader mellom gruppene i driftsoverskot per produsent. Medan høggruppa har driftsoverskot på kr 764 100 i middel er driftsoverskotet for låggruppa kr 321 700. Bidraget fra jordbrukssektoren til totaløkonomien til bonden er med andre dobbelt så stort frå høggruppa som for låggruppa. Denne skilnaden var mykje større i 2009, svakare resultat for høggruppa og betre resultat for låggruppa har jamna ut noko av skilnaden.




Figur 3.33 Driftsoverskot jordbruk per driftseining, kr




Figur 3.34 Driftsoverskot jordbruk per driftseining, kr

Driftsoverskotet skal dekke godtgjering til eige arbeid og til all innsett kapital. Renteutgifter per årsku er høgst for robotfjøs og samdrifter. Renteutgifter og kår ligg på vel kr 3 700 per årsku for høggruppa, medan låggruppa ligg på kr 7 100 per årsku. Vi ser av figuren at skilnaden mellom høg- og låggruppa har auka frå 2009 til 2010. Produsentane med robot har langt høgare renteutgifter per årsku enn dei utan. Årsakene til skilnadene er i stor grad knytt til gjeldsnivå, men også lånevilkår frå bankane spelar inn her. Rentenivået i 2010 var lågt med ei pengemarknadsrente på om lag 3 prosent. Det er stor skilnad på lånevilkåra mellom produsentane.




Figur 3.35 Renteutgifter og kår, kr per årsku




Figur 3.36 Renteutgifter og kår, kr per årsku

Familiens arbeidsforteneste per årsverk kjem ein fram til når ein trekkjer eit rentekrav på all innsett kapital frå driftsoverskotet og deler på årsverk á 1 845 timer. Rentefoten i 2010 var den same som for 2009, og sett til 3 prosent, noko som samsvarar med penge-marknadsrenta. Vi ser at det er stor skilnad mellom gruppene med omsyn til kor mykje som er att til arbeidsforteneste når kapitalen har fått sitt. Medan høggruppa ligg på vel kr 280 000 per årsverk, er det kr 36 400 att til godtgjering til arbeid i låggruppa. Det er også stor skilnad mellom gruppene. Samdriftene har betre resultat enn enkeltprodusentane. Det lite skilnad mellom dei med og dei utan robot. Vi ser at familiens arbeidsforteneste har auka for dei fleste gruppene fra 2009 til 2010. For Hordaland er auken på kr 10 000 per årsverk.




Figur 3.37 Familiens arbeidsforteneste per årsverk og vederlag til alt arbeid og ei- genkapital per årsverk, kr




*Figur 3.38 Familiens arbeidsforteneste per årsverk og vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, kr*

Vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk er eit mykje nytta resultatmål i jordbruksforhandlingane. Ein kjem fram til dette ved å leggje kostnader til leigd hjelp til driftsoverskotet, og trekkje frå jordbruks del av betalte renter og kår, og deretter dele på årsverk á 1 845 timer. Vederlaget skal altså dekke godtgjering til alt arbeid, både eige og leigd, og til eigenkapital som er sett inn i drifta. Vederlag til alt arbeid og eigenkapital varierer stort sett i same mønster som familiens arbeidsforteneste. Vederlaget er jamt over høgare per årsverk enn arbeidsfortenesta. Gruppene med mykje leigd arbeid som er dyrare enn lønsevna på bruket, vil ha større skilnad. Det same vil grupper med høg eigenkapital og lite gjeld. Medan høggruppa har eit vederlag per årsverk på vel kr 328 400, har låggruppa eit vederlag på om lag kr 45 000. Høggruppa har betra resultatet, medan låggruppa har fått eit svakare resultat. Talet på innsette arbeidstimer spelar også inn når ein måler resultatet per årsverk. Det har vore nedgang i arbeidsforbruk siste året. Resultatet for utbyggingsbruka er svakare enn for mjølkeproduksjonsbruka for Vestlandet i driftsgranskningane. Medan resultatet i driftsgranskningane var kr 220 800 i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk, oppnådde utbyggingsbruka i Hordaland kr 180 400, om lag uendra resultat frå 2009.



Figur 3.39 Timesats ved ulike resultatmål for dei ulike gruppene, kr per time

Lønsevne er familiens arbeidsforteneste pluss kostnader til leigd arbeid, og lønsevne per time er denne storleiken delt på tal timer brukt i jordbruket, både eige og leigd. Lønsevne per time er den timesatsen garden kan betale for all innsett arbeidskraft når all kapital er godt gjort. Høggruppa har ei lønsevne per time på kr 159, medan låggruppa ligg på kr 31. For alle utbyggingsbruken i Hordaland er lønsevna per time kr 95 i middel. Tilsvarende tal for 2009 var kr 155, kr 23 og kr 93.



Figur 3.40 Timesats ved ulike resultatmål for dei ulike gruppene, kr per time

Ser vi på vederlag til alt arbeid og eigenkapital per time, vert utslaga nokon annleis mellom gruppene. I dei fleste gruppene ligg vederlaget høgare enn lønsevna, men for samdrifter og bruk med robot er det omvendt.

Effekt av jordbruksfrådraget verkar ikkje inn på nokon av dei resultatmåla som vanlegvis vert presenterte. Personar som driv næringsverksemder innafor jordbruk og tilgrensande næringar, har rett på eit særskilt jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. For 2010 var


maksimalt jordbruksfrådrag kr 142 000 per driftseining. For å kunne nytte dette frådraget fullt ut, måtte ein ha ei næringsinntekt på minst kr 328 600. Budsjettetnemnda for jordbruket (BFJ) kalkulerer inntektsverknaden av fullt jordbruksfrådrag ved 33 prosent marginalskatt til kr 59 300 per driftseining dersom ein har fullt jordbruksfrådrag. Beløpet kjem fram ved å finne maksimal skattelette (28 % av kr 142 000) som er kr 39 760. Maksimal inntektsverknad av jordbruksfrådraget vert kr 39 760 delt på 0,67 som er kr 59 343. Har eit bruk til dømes 2 årsverk, vert inntektsverknaden per årsverk kr 29 673. Ingen av resultatmåla som er presenterte i dette notatet, inkluderer inntektsverknad av jordbruksfrådraget. Det betyr at prosjektbruka i utvalet har i ulik grad inntektsverknad av jordbruksfrådraget i tillegg til dei presenterte resultatmåla.

Jordbruksfrådraget vert gjeve til kvart enkelt bruk. Ektefeller kan dele frådraget. For samdrifter kan det bli gitt like mange jordbruksfrådrag som det er deltagarar. For enkeltbruk vil det vere høve til eitt jordbruksfrådrag. På utbyggingsbruk vil det ofte vere vanskeleg å få nytte av frådraget fullt ut i perioden etter utbygging. Store kostnader gjer at det kan vere problem med å oppnå ei næringsinntekt som er høg nok til å oppnå fullt jordbruksfrådrag.

Legg vi til effekten av jordbruksfrådraget til vederlag for alt arbeid og eigenkapital per time, ser vi at timesatsen aukar med kr 11 til kr 21 per time. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget er avhengig av storleik på frådrag og arbeidsomfangen til produsenten. Desto høgare frådrag og færre timer ein har ei gruppe, desto høgare vert inntektsverknaden av jordbruksfrådraget per årsverk. Skattekorrigerert vederlag per time var kr 199 for høggruppa og kr 37 for låggruppa. Tilsvarande tal for 2009 var kr 185 og kr 41. Andre frådrag vil redusere effekten av jordbruksfrådraget.


### 3.4 Soliditet

Soliditet tyder evne til å tåle tap. Eigenkapitalprosent over 40 kan reknast som eit solid nivå. Blant gruppene i Hordaland er det berre gruppa utan robot som har over 40 prosent. Høggruppa har eigenkapitalprosent på 27 medan låggruppa ligg på 26. Skilnaden er liten og begge gruppene har betra soliditeten frå 2009 til 2010.



Figur 3.41 Eigenkapitalprosent for dei ulike gruppene

Samdriftene ligg på 12 og robotføsa ligg på 18 prosent. Hordaland har eigenkapitalprosent på vel 24, til samanlikning hadde Nord-Vestlandet vel 50 prosent i 2009. Her ligg ein av dei største skilnadene mellom regionane. Den låge soliditeten hos nokre av produsentane kan vere med på å forklare dei dårlege lånevilkåra for nokre av produsentane i Hordaland. Soliditeten målt i eigenkapitalprosent er mykje lågare i Hordaland enn i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.



*Figur 3.42 Eigenkapitalprosent for dei ulike gruppene*


Låggruppa har høgare gjeld per årsku enn høggruppa. Særleg er det mykje høgare kort siktig gjeld i låggruppa, om lag dobbelt så mykje. Samla gjeld per årsku er kr 142 200 for høggruppa, og kr 152 500 for låggruppa. Det er nedgang i gjeld for begge gruppene, mest for låggruppa. Den største skilnaden i langsiktig gjeld mellom gruppene finn vi mellom produsentane med og utan robot. Robotføsa har kr 167 700 i samla gjeld per årsku, medan dei utan robot har kr 125 700. Hordaland har kr 154 100, noko som er langt over Nord-Vestlandet (kr 113 900 i 2009).

### 3.5 Likviditet


Likviditet tyder betalingsevne eller evne til å kjøpe. Likviditeten til ei verksemد vert ofte målt i ulike likviditetsgrader, og nedanfor finn ein figurar med likviditetsgrad.

Likviditetsgrad 1 bør vere over to, og som ein ser ut av figurane nedanfor, så er det ingen av gruppene i Hordaland som tilfredsstiller dette.<sup>2</sup> Høggruppa har høgst likviditetsgrad 1 med 1,3. Låggruppa ligg på 0,6 medan dei andre gruppene i Hordaland ligg rundt 1,0. Til samanlikning hadde Nord-Vestlandet 3,7 i 2009.

<sup>2</sup> Eklund og Knutsen (1988)



Figur 3.43 Likviditetsgrad 1 = Omløpsmiddel / Kortsiktig gjeld



Figur 3.44 Likviditetsgrad 1 = Omløpsmiddel / Kortsiktig gjeld

Likviditetsgrad 3 seier noko om dei mest likvide midlane, bankinnskot og kontantar til bedrifta, medan likviditetsgrad 1 tek også med dei litt mindre likvide midlane som varelageret. Tommelfingerregelen er at likviditetgard 3 bør vere over 0,3.<sup>3</sup> Berre høggruppa tilfredsstiller dette kravet blant gruppene i Hordaland i 2010. Låggruppa ligg på 0,05, noko som er svært lågt. Hordaland samla ligg på 0,15 medan Nord-Vestlandet låg på 1,7 i 2009.

Likviditeten for utbyggingsbruka i Hordaland er svak, og har endra seg lite fra 2009 til 2010.

<sup>3</sup> Eklund og Knutsen (1988)



## 4 Oppsummering og konklusjon

---

Rekneskapsundersøkinga for utbyggingsbruka for mjølkeproduksjon i Hordaland viser at det er relativt svakt resultat i middel for dei ni undersøkte produsentane. Med bakgrunn i ei tilsvarende undersøking i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane for rekneskapsåra 2008 og 2009, var det grunn til å vente betring i resultatet når ein kom eitt år lenger frå utbyggingstidspunktet.

Resultatet viser om lag uendra økonomisk resultat målt i vederlag til alt arbeid og eigenkapital per årsverk i middel for dei ni produsentane. Andre resultatmål som lønsevne per time og familiens arbeidsforteneste per årsverk viser ein svak framgang.

Årsakene til at den venta framgangen ikkje kom, ser ut til å vere fleire. Det er stor spreiing i resultatet mellom enkelprodusentar, og nokre har hatt stor framgang frå 2009 til 2010. Andre har hatt nedgang i resultatet. Året 2010 var eit dårlig førår for fleire, og vi ser at avlingsnivået som var svakt i 2009, har hatt ein ytterlegare nedgang i 2010. I middel gjekk grovföravlingane ned 15 prosent frå 292 til 248 FEm per dekar. Til samanlikning hadde produsentane på Nord-Vestlandet 444 FEm per dekar i 2009. Dette gjev utslag i auka variable kostnader i form av forkostnader.

Kostnader til gjødsel for produsentane i Hordaland ligg 44 prosent under nivået for Nord-Vestlandet målt i kr per årsku. Dette kan tyde på at potensialet for grovföravlingar i Hordaland i ikkje er utnytta eller at det er areal med mindre produksjonspotensiale på brukta i Hordaland samanlikna med Nord-Vestlandet.

Ei anna årsak er at produsentane ikkje klarer å fylle mjølkekvotein. I 2010 låg kvotefyllinga på 92 prosent. Dette kan ha fleire årsaker, mellom anna mangel på fôr, og at ein stadig er i ein oppbyggingsfase. Høge kostnader til kjøp av dyr tyder på det. Til samanlikning hadde produsentane på Nord-Vestlandet ei kvotefylling på 101 prosent i 2009.

Den finansielle basisen til utbyggingsbruka i Hordaland er svak. Eigenkapital på 24 prosent ligg godt under eit ønskeleg nivå. Høg gjeld per årsku gjev høge rentekostnader.

Det er grunn til å vente ei vesentleg resultatbetring på utbyggingsbruka i Hordaland framover dersom ein klarer å utnytte produksjonspotensialet betre. Auka avlingsnivå for grovfôr, fylling av mjølkekvote og eigenproduksjon av avlsdyr vil kunne gje stor auke i inntening. Arbeidsforbruket per årsku er lågt samanlikna med andre tilsvarende produsentgrupper slik at arbeidsproduktiviteten i drifta er god.



# Referansar

---

- Eklund, T. og Knutsen, K., 1988. *Regnskapsanalyse – Aktiv bruk av regnskapet*, Universitetsforlaget.
- Haukås, T. 2012. *Utbyggingsbruk i Hordaland*. NILF-notat 2012-3. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Haukås, T., A. Olsen og H. Knutsen. 2012. *Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2001-2010*. NILF-notat 2012-14. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Haukås, T., og L. R. Solberg. 2010. *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjonen i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008*. NILF-notat 2010-10. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- NILF, 2011. *Driftsgranskinger i jord- og skogbruk. Rekneskapsresultat 2010*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Solberg, L.R., 2010. *En analyse av investeringer i landbruket - Er man lykkelig som stor når man kunne vært liten?* NILF-notat 2010-19. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Solberg, L. R., og T. Haukås. 2011. *Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2009*. NILF-notat 2011-12. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
- Statens landbruksforvaltning, 2011. <https://www.slf.dep.no/no/produksjon-og-marked/melk/melkekvote/statistikk>. Dato 8. april 2011.





# Vedlegg

---

Samandrag for ulike produksjonar Kr per årsku	Produksjon Tal bruk	Høg 2009	Høg 2010	Låg 2009	Låg 2010	Samdr.2009	Samdr.2010	Enk.2009	Enk.2010	U robot 2009	U robot 2010	M robot 2009	M robot 2010	Hord2009	Hord2010	SF/MR 2009
		4	4	4	4	5	5	4	4	3	3	6	6	9	9	18
Jordbruksareal daa	daa	551	504	511	570	595	588	504	509	525	525	570	567	555	553	634
- herav leidg daa	daa	232	184	364	431	405	413	215	225	308	308	327	340	320	329	247
Prosent leigejord	prosent	42	37	71	76	68	70	43	44	59	59	57	60	58	60	39
Grovfôr per årsku	daa/årsku	10,6	9,9	13,8	13,3	10,5	10,2	16,1	15,4	15,2	14,2	11,3	11,0	12,3	11,8	13,6
Avling FEm per daa	Fem/daa	346	267	283	231	297	265	284	225	242	193	314	274	292	248	444
Egedelar i jordbruket per årsku	kr/årsku	149 428	143 209	193 084	185 765	150 087	144 840	203 651	206 926	174 620	161 353	164 013	165 594	166 668	164 497	158 466
- herav driftsbrygningar	kr/årsku	89 210	80 103	132 558	126 672	101 164	93 872	125 183	126 428	115 023	104 491	106 454	104 071	108 599	104 180	91 139
Årskyr	stk	51,0	49,7	37,0	42,8	55,8	56,9	31,2	33,0	33,7	35,9	50,5	51,5	44,9	46,3	46,3
Kg mjølk per årsku	kg/årsku	8 569	8 557	7 499	7 937	8 187	8 413	7 650	7 833	8 220	8 858	7 954	8 010	8 021	8 229	7 950
Omsett mjølk per årsku	liter/årsku	7 985	7 942	6 901	7 057	7 598	7 651	7 106	7 237	7 592	8 190	7 397	7 286	7 446	7 520	7 196
Mjølkekvote per årsku	liter/årsku	8 783	8 083	7 874	8 220	8 375	8 000	8 127	8 583	8 908	8 687	8 095	8 009	8 299	8 185	7 158
Kvotefylling	Prosent	91	98	88	86	91	96	87	84	85	94	91	91	90	92	101
Omsett storfekjøt per årsku	kg/årsku	420	309	307	466	381	396	284	298	304	257	367	403	351	365	313
Oppnådd mjølkepris	kr/liter	3,97	4,27	4,03	4,30	4,03	4,34	4,00	4,24	4,02	4,28	4,03	4,33	4,03	4,31	4,04
Oppnådd pris krukjøt	kr/liter	35,80	37,93	39,66	36,77	36,82	37,60	38,64	36,82	35,89	36,21	37,74	37,81	37,31	37,43	34,68
Oppnådd pris anna storfekjøt	kr/liter	44,32	43,36	48,00	43,85	45,89	43,91	44,16	42,88	45,85	44,38	45,37	43,48	45,47	43,62	43,59
Arbeidsinnsats i alt per årsku	timar/årsku	98	81	120	103	93	83	143	123	124	105	103	92	108	96	114
Familiens arbeid per årsku	timar/årsku	88	69	102	94	83	72	120	109	110	87	89	82	94	84	91
Mjølkeinntekt	kr/årsku	31 665	33 892	27 821	30 320	30 658	33 242	28 443	30 709	30 507	35 023	29 794	31 538	29 972	32 440	29 047
Kjøtinntekt	kr/årsku	19 132	13 083	14 993	22 672	17 934	17 864	12 519	14 721	14 413	10 714	16 873	19 017	16 257	16 869	14 973
Husdyrinntekter i alt	kr/årsku	51 023	47 310	43 362	53 567	49 443	52 171	41 781	46 255	45 312	46 174	47 659	51 738	47 071	50 298	44 366
Tilskot	kr/årsku	15 586	14 591	17 126	18 619	15 484	15 774	19 217	19 789	17 117	17 893	16 479	16 749	16 639	17 045	16 526
Produksjonsinntekt	kr/årsku	68 105	63 952	61 998	73 941	66 674	69 577	62 567	68 859	63 395	65 561	66 052	70 793	65 387	69 350	63 697
Marknadsinntekt	kr/årsku	52 518	49 361	44 872	55 322	51 190	53 803	43 350	49 070	46 277	47 668	49 573	54 043	48 748	52 305	47 172
Tilskot per produsent	kr/produsen	794 113	725 552	633 645	796 431	863 362	898 184	600 520	652 539	576 851	642 968	831 390	862 029	746 543	789 009	764 490
Kraftfor	kr/årsku	14 978	13 950	13 556	17 421	15 039	15 996	12 632	14 437	13 316	15 055	14 621	15 658	14 294	15 502	13 480
Grovfôr	kr/årsku	4 492	4 340	3 250	4 073	5 354	6 235	2 594	1 763	4 297	4 644	4 547	4 880	4 484	4 819	1 058
Gjødsel	kr/årsku	1 312	1 070	849	1 978	2 005	1 354	1 066	1 575	1 860	1 210	704	1 499	1 515	1 424	2 521
Konservering	kr/årsku	505	247	203	73	303	144	386	156	0	19	438	193	329	148	729
Kjøp av dyr	kr/årsku	2 900	1 181	3 385	7 245	3 075	3 743	2 367	3 639	2 041	319	3 127	4 894	2 855	3 710	1 576
Veterinær og medisin	kr/årsku	1 885	1 549	1 861	1 999	1 616	1 569	2 211	1 987	1 938	1 832	1 754	1 656	1 800	1 702	1 488
Variable kostnader	kr/årsku	27 693	23 937	26 141	35 128	28 499	31 133	23 840	25 233	24 467	24 815	27 901	30 938	27 041	29 265	22 900
Dekningsbidrag	kr/årsku	40 412	40 015	35 857	38 812	38 175	38 445	38 727	43 626	38 928	40 746	38 151	39 854	38 346	40 085	40 797

Samandrag for ulike produksjonar Kr per årsku	Produksjon Tal bruk	Høg 2009 4	Høg 2010 4	Låg 2009 4	Låg 2010 4	Samdr.2009 5	Samdr.2010 5	Enk.2009 4	Enk.2010 4	U robot 2009 3	U robot 2010 3	M robot 2009 6	M robot 2010 6	Hord 2009 9	Hord 2010 9	SF/MR 2009 18
Leigd arbeid	kr/årsku	2 227	1 841	2 184	1 337	2 300	1 831	3 945	1 997	1 769	2 834	3 156	1 552	2 809	1 884	2 448
Vedlikemald maskiner	kr/årsku	1 832	2 753	2 754	2 336	1 479	1 767	3 775	4 155	2 911	4 035	1 949	1 995	2 190	2 523	1 978
Vedlikehald bygning	kr/årsku	1 590	2 418	2 008	2 555	1 802	2 716	2 009	2 156	1 191	1 963	2 091	2 740	1 866	2 538	1 096
Maskinleige og leasing	kr/årsku	4 470	3 282	5 907	7 394	4 113	4 453	5 925	6 363	3 412	2 869	5 095	5 822	4 674	5 058	4 447
Administrasjon	kr/årsku	1 830	2 128	2 855	2 411	2 448	2 247	2 459	2 730	2 477	2 538	2 443	2 352	2 451	2 400	1 998
Faste kostnader eks avskr	kr/årsku	16 782	17 382	21 413	23 621	16 503	18 161	23 173	25 203	18 296	19 849	18 659	20 580	18 568	20 391	16 384
Dekningsbidrag	kr/årsku	40 412	40 015	35 857	38 812	38 175	38 445	38 727	43 626	38 928	40 746	38 151	39 854	38 346	40 085	40 797
Resultat før avskrivning	kr/årsku	23 630	22 634	14 444	15 191	21 672	20 283	15 554	18 423	20 631	20 897	19 493	19 274	19 778	19 694	24 413
Avskrivningar	kr/årsku	6 674	7 267	7 971	7 670	6 841	6 983	8 069	8 676	8 464	8 507	6 806	7 174	7 221	7 519	7 257
Samla kostnader	kr/årsku	51 149	48 585	55 525	66 419	51 843	56 277	55 082	59 112	51 227	53 171	53 366	58 692	52 830	57 175	46 541
Driftsoverskot	kr/årsku	16 956	15 367	6 473	7 521	14 831	13 300	7 485	9 747	12 167	12 390	12 687	12 100	12 557	12 175	17 157
Driftsoverskot per produsent	kr/produsen	863 909	764 117	239 485	321 726	826 957	757 311	233 892	321 419	410 036	445 214	640 040	622 765	563 372	563 581	793 687
Renter og kår	kr/årsku	4 143	3 653	6 046	7 054	6 525	6 443	3 639	4 258	3 292	3 494	6 413	6 539	5 632	5 751	4 324
Lønsevne pr time	kr/time	154,63	159,22	22,90	31,17	135,80	129,68	30,65	44,91	88,26	98,45	94,80	93,85	92,93	95,16	129,69
Familiens arb pr årsverk	kr/årsverk	257 427	280 681	12 833	36 427	227 084	225 768	21 766	57 250	110 022	149 431	160 107	157 314	145 137	155 109	231 515
Vederlag pr årsverk	kr/årsverk	307 800	328 407	53 912	45 549	237 464	223 583	96 525	120 708	202 669	216 610	170 985	166 300	179 864	180 449	269 806
Vederlag pertime	kr/time	166,83	178,00	29,22	24,69	128,71	121,18	52,32	65,42	109,85	117,40	92,67	90,14	97,49	97,80	146,24
Skattekorrigert vederlag pr årsverk	kr/årsverk	340 750	366 989	74 939	69 174	271 233	258 280	117 389	145 279	232 366	251 054	199 015	195 334	208 371	211 022	300 663
Skattekorrigert vederlag pr time	1845 kr/time	184,69	198,91	40,62	37,49	147,01	139,99	63,63	78,74	125,94	136,07	107,87	105,87	112,94	114,38	162,96
Eigenkapitalprosent	prosent	21	27	23	26	12	12	34	44	41	41	13	18	20	24	52
Langsiktig gjeld	kr/årsku	131 073	125 764	144 398	124 799	142 187	138 889	135 661	116 455	108 654	92 253	150 692	145 587	140 167	131 786	95 853
Kortsiktig gjeld	kr/årsku	17 963	16 435	39 667	27 733	24 148	24 656	32 247	17 263	17 060	22 809	29 860	22 142	26 655	22 315	18 040
Omløpsmidlar	kr/årsku	25 287	21 921	32 633	17 490	24 636	21 304	38 362	18 976	20 198	15 516	31 786	22 330	28 885	20 567	66 409
Bankinnskot og kontantar	kr/årsku	7 352	4 471	907	1 387	6 404	3 494	2 111	3 031	1 883	851	6 142	4 219	5 075	3 347	31 037
Likviditetsgrad 1		1,4	1,3	0,8	0,6	1,0	0,9	1,2	1,1	1,2	0,7	1,1	1,0	1,1	0,9	3,7
Likviditetsgrad 3		0,41	0,27	0,02	0,05	0,27	0,14	0,07	0,18	0,11	0,04	0,21	0,19	0,15	1,72	

## *Tidligere utgitt i denne serien – 2011*

---

- 2011–1 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge. Driftsgranskningene i jord- og skogbruk 2009 – Aktuelle artikler og tabellsamling 2005–2009. Øyvind Hansen, Ole Kristian Stornes, 81 s.
- 2011–2 Beregning av det norske kjøttforbruket. Mads Svennerud, Gro Steine, 18 s.
- 2011–3 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 86 s.
- 2011–4 Økonomien i landbruket i Trøndelag. Utviklingstrekk 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Kjell Staven, Otto Sjelmo, Knut Krokann, Helge Bonesmo, Svein Olav Holien, Siv Karin Paulsen Rye, Liv Grethe Berge Frislid, Inger Sofie Murvold Knutsen, 16 s.
- 2011–5 Melding om årsveksten 2010. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbø, Oddmund Hjukse, 16 s.
- 2011–6 Gårdsbasert entreprenørskap : en kvalitativ studie av muligheter, motiver og ressurser for entreprenørskap i landbruket. Asbjørn Veidal, 55 s.
- 2011–7 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland 2009. Trendar og økonomisk utvikling 2000–2009. Tabellsamling 2005–2009. Lars Ragnar Solberg, Heidi Knutsen, Anastasia Olsen, 87 s.
- 2011–8 Regulering for organisering - markedsregulering i kjøttsektoren. Gro Steine, Arne Vasaasen, Anders Nordlund og Ivar Pettersen, 68 s.
- 2011–9 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2005–2009. Tabellsamling 2005–2009. Terje Haug, 97 s.
- 2011–10 Konsekvenser i Rogaland av mulige endringer av gjødselvareforskrift. Heidi Knutsen, Aart van Zanten Magnussen, 57 s.
- 2011–11 Klimatiltak i landbruket – En gjennomgang av tiltak i Klimakur 2020. Ellen Henrikke Aalerud, Valborg Kvakkestad, 41 s.
- 2011–12 Vurdering av økonomi på utbyggingsbruk i mjølkeproduksjon i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane 2008. Lars Ragnar Solberg, Liv Grete Frislid, 48 s.
- 2011–13 Tid for satsing på landbruk i Afrika. Ellen Henrikke Aalerud, Anna Birgitte Milford, 29 s.
- 2011–14 «Føre var» i laksenæringen: Tid for kollektiv håndtering av underdekning av fiskeolje. Gro Steine, Ragnar Tveterås, Ivar Pettersen, 31 s.
- 2011–15 Rensemønstre ved innføring av miljøvennlige spredningsmetoder for husdyrgjødsel. Julie Nåvik Hval, Knut Krokann, 30 s.
- 2011–16 Inntekt, sparing og investering i jordbruket. Agnar Hegrenes, 30 s.
- 2011–18 Verdiskaping i jordbruket i Aust- og Vest-Agder. Heidi Knutsen og Torbjørn Haukås, 37 s.

# *Tidligere utgitt i denne serien – 2012*

---

- 2012–1 Environmental and climate analysis for the Norwegian agriculture and food sector and assessment of actions. John Hille, Christian Solli, Karen Refsgaard, Knut Krokann, Helge Berglann, 153 s.
- 2012–2 Støtte til økologisk landbruk. Oddmund Hjukse, Ole Kristian Stornes, 42 s.
- 2012–3 Utbyggingsbruk i Hordaland. Torbjørn Haukås, 52 s.
- 2012–4 Innovasjon i landbruket. Trygve Kjølsseth, Ivar Pettersen, 29 s.
- 2012–5 Hva skal det være: epler i løsvekt eller emballert? Butikkforsøk med norske, økologiske epler. Anna Birgitte Milford, 31 s.
- 2012–6 Handlingsrommet for konkurransedyktige verdikjeder for mat. Ellen Henrikke Aalerud, Julie Nåvik Hval, Ivar Pettersen, Johanne Kjuus, 99 s.
- 2012–7 Fleire dyr på sommerferie? Evaluering av beiteordningene. Agnar Hegrenes, Julie Nåvik Hval, Leif Jarle Asheim, Mads Svennerud, 102 s.
- 2012–8 Økonomien i jordbruket i Nord-Norge 2010. Øyvind Hansen, 73 s.
- 2012–9 Økonomien i landbruket i Trøndelag i 2010. Utviklingstrekk 2001–2010. Tabellsamling 2006–2010. Inger Sofie Murvold Knutsen, Svein Olav Holien, Knut Krokann, Siv Karin Paulsen Rye, Kristin Stokke Folstad, 87 s.
- 2012–10 Økonomien i jordbruket på Østlandet. Utviklingstrekk 2006–2010. Tabellsamling 2006–2010. Terje Haug, 87 s.
- 2012–11 Betalingsvillighet for landbrukets produksjon av kollektive goder. En litteraturgjennomgang. Arild Spissøy, Anna Birgitte Milford, Sjur Spildo Prestegard, 36 s.
- 2012–12 Melding om årsveksten 2011. Normalårsavlinger og registrerte avlinger. Ola Wågbø, Oddmund Hjukse, 18 s.
- 2012–13 Økonomien i jordbruket på Vestlandet. Trendar og økonomisk utvikling 2001–2010. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 72 s.
- 2012–14 Økonomien i jordbruket i Agder-fylka og Rogaland. Trendar og økonomisk utvikling 2001–2010. Tabellsamling 2006–2010. Heidi Knutsen, Torbjørn Haukås, Anastasia Olsen, 78 s.
- 2012–15 Økologisk frukt og bær i Norge. Hvor mye produseres og hvordan omsettes det? Anna Birgitte Milford, 33 s.



---

## A D R E S S E   H O V E D K O N T O R

Postadresse:	Kontoradresse:	Telefon:
Postboks 8024 Dep	Storgata 2-4-6	22 36 72 00
0030 OSLO		Telefaks: 22 36 72 99
		E-post: postmottak@nilf.no
		Internett: www.nilf.no

---

## A D R E S S E   D I S T R I K T S K O N T O R E R

Bergen	Postadresse:	Postboks 7317, 5020 BERGEN
	Telefon:	55 57 24 97
	Telefaks:	55 57 24 96
	E-post:	postmottak@nilf-ho.no
Trondheim	Postadresse:	Postboks 4718 – Sluppen, 7468 TRONDHEIM
	Telefon:	73 19 94 10
	Telefaks:	73 19 94 11
	E-post:	postmottak@nilf.fmst.no
Bodø	Postadresse:	Statens hus, Moloveien 10, 8002 BODØ
	Telefon:	75 53 15 40
	Telefaks:	75 53 15 49
	E-post:	postmottak@nilf-nn.no

---

I S B N 9 78 - 8 2 - 7 0 7 7 - 8 3 3 - 1  
I S S N 0 8 0 5 - 9 6 9 1

